

LASARUS

Gråtande står dei ved steinen
som skil dei frå han som dei elskar.
så er dei alene,
Maria og Marta.

Dei bad om at du skulle kome
og seie det mektige ordet.
Men du lét dei vente
til vona var ute.

Du kunne ha lagt dine hender
på han som på alle dei andre.
For seint kjem du, Herre,
til han som du elskar.

Du bed dei å velte bort steinen.
Dei tviler, men gjer som du seier.
Og undrande dreg dei
sitt sveip av den døde.

Vi ser ingen Lazarus vakne,
Vi har ingen rop som kan kalle
dei døde attende
når livet har slokna.

Den levande Lazarus ser vi
no berre i ordet som vitnar.
Det under vi bed om,
er trua og vona.